

# MILJØRETTA HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 14/15958

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

27.06.2014

## PLANGODKJENNING - Utviding av Danielsen Ungdomsskule Frekhaug

Danielsen Ungdomsskule Frekhaug er i stor vekst, og ynskjer å utvide med nytt modulbygg og utvidet uteområde slik at skulen kan ha inntil 180 elevar.

Den 26.06.14 mottok Miljøretta helsevern søknad om plangodkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* for planlagt modulbygg for 60 elevar. Nytt modulbygg vil bli ferdig hausten 2014.

Skulen har frå før eksisterande modulbygg på ca. 500 m<sup>2</sup>, som har godkjente undervisningsarealar for 120 elevar. (Ref. 2007/2153 – 19363/2012).

Planteikningar var vedlagt søknaden, saman med fullstendig søknad om godkjenning etter «Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.» som vil bli behandla når modulbygget er klar for bruk.

Det nye modulbygget (BRA: 431 m<sup>2</sup>) vil ha undervingslokalar for 60 elevar. Modulbygget vil bli ei fullstendig enhet med bl.a. garderobe, toalett, dusj, lærarrom, grupperom, klasserom etc. Modulbygget er universelt utforma.

Alle modulbygga (eksisterande og nytt) vil bli erstatta av permanent skule (nybygg) innan nokre år.

Opparbeiding av parkering for bl.a. tilsette og trafikksikker tilkomst er planlagt i samband med oppsetting av det nye modulbygget.

### ➤ **Vedtak**

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert planane angåande utviding av Danielsen Ungdomsskule Frekhaug AS med nytt modulbygg for 60 elevar godkjent etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.*

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 57 70  
Telefaks +47 56 37 50 01

Søknad om godkjenning etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.* for inntil 180 elevar vil bli behandla når modulbygget står ferdig. Skulen må informere Miljøretta helsevern når modulbygget står ferdig, og for å avtale nytt tilsyn i samband med vurdering om ny godkjenning.

Med helsing

Tord Motumyr  
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde  
Teknisk-hygieinsk ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Om klage over vedtak:**

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må verte sendt via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

**Kopi til:**

Laila Eidsheim  
Meland kommune  
Tord Moltumyr  
- Rådmann  
- Utval for levekår  
- Komm. avd. for kultur og oppvekst/barnehagekons.